

Tillegg til intensjonsavtale mellom Kvam og Jondal

Kommunereforma i Hardanger 2016, Granvin herad

Innleiing

Granvin herad har gjort vedtak om at dei ynskjer å slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane sine. Det vil bli halde folkerøysting der innbyggjarane i Granvin får tre val; anten å slå seg saman med kommunane i indre Hardanger, med Voss eller med Kvam.

Kvam herad har inngått intensjonsavtale om samanslåing med Jondal kommune. Det vil bli halde folkerøysting i Jondal.

Dersom Granvin vel å slå seg saman med Kvam vil Granvin tiltre den eksisterande avtala mellom Jondal og Kvam. Det vidare arbeidet mellom desse tre kommunane vil difor byggje på denne avtala, men med dette tillegget som gjeld særleg for Granvin.

Særlege tema for Granvin

1. Granvin vil vere eit av fleire sentra i den nye kommunen der ein vil satsa på etablering av attraktive bu- og oppvekstmiljø.
2. Det skal drivast ein aktiv næringspolitikk som bygger opp under dei næringsmessige fortrinna som finnes i Granvin i dag. Dette gjeld særleg skog- og jordbruk med tilhøyrande næringskjede, lokal foredling og lokal entreprenørverksemd.
3. Ein skal arbeide for utbetring og rassikring av FV 7 på heile strekninga mellom Øystese og Granvin.
4. Til liks med dei andre grendene i den nye kommunen skal det etablerast eit eller fleire grendeutval som gjennom høyringsuttalar, innspel til kommunale planar og gjennom eigene initiativ til saker og tiltak, fungera som innbyggjarane sitt talerøyr opp mot den nye kommunen.
5. Administrasjonen av Granvin blir lagt til det nye administrasjonssenteret i Norheimsund. Tenleg etterbruk, eventuell sal av heradshuset i Granvin skal utgreiast.
6. Primærtjenester som barnehagen, 1-10 skule, sjukeheim og heimetjenester skal oppretthaldast i Granvin.
7. Helsetenestene skal samordnast med den nye kommunen. Det skal vere eit utekontor for legetenesta i Granvin.

Xxx 2016

Ingebjørg Winjum
Ordførar Granvin

Jon Larsgard
ordførar Jondal

Jostein Ljones
ordførar Kvam